

Nydyrking og ny fjøs

14.02.2015

Tor Jarle Kjærland driv gard med omlag 20 ammekyr og ungdyr. No har han planar om ny fjøs og det er såleis trong for å auka grovforgrunnlaget, opplysar saksbehandlar Tore Eik i koimmunen. For å få til dette er planen å køyra til massar og dyrka eit areal på 4 dekar som i dag er innmarksbeite med grushaugar.

Det er imidlertid veg fram slik at det ikkje er trong for nye vegar.

Kommunen kjenner ikkje til at det er fornminne i oimrådet, men ber likevel fylkeskommunen om ein uttale i samband med saksutgreiinga som no er igang.

Tekst og nett: Ola Matti Mathisen